

## Pasientinformasjon angåande ESBL

### Kva er ESBL?

ESBL (Extended Spectrum Beta Lactamase) er namnet på ein mekanisme som gjer bakteriar motstandsdyktige mot ei rekke vanlege antibiotika. Mange ulike bakterie-typar kan ha denne eigenskapen. Det er vanlegare å finna bakteriar med ESBL på sjukehus i utlandet enn i norske helseinstitusjonar. Sjukehusinnlegging i utlandet gjev difor større risiko for smitte.

### Er ESBL farlig?

Bakteriar som produserer ESBL finst ofte i tarmen, og dei er ikkje farlege så lenge dei berre er del av den vanlege bakteriefloraen der. Langt dei fleste personar som blir smitta vil vera slike asymptomatiske bærarar som ikkje har nokon symptom på at ein resistent bakterie er blitt del av deira normale tarmflora. Infeksjonar med slike bakteriar kan derimot vera vanskeligare å behandla.

### Korleis smittar ESBL?

Smitte skjer via direkte eller indirekte kontakt med ein smitta person (ein ESBL-bærar). Dette betyr i praksis at bakterien blir overført via ureine hender eller at ein smitta person har ”lagt igjen” bakterien i miljøet som til dømes på vask, toalett, dørhandtak eller liknande. Tiltaka i sjukehus tek sikte på å bryta desse smittevegane.

### Korleis vert ESBL behandla?

Bærarskap av ESBL utan symptom treng ikkje behandling. Dersom nokon derimot skulle få ein infeksjon med slike bakteriar må dei behandlast med andre typar antibiotika enn dei ein vanlegvis brukar. Dette kan gje fleire biverknader og lengre sjukehusopphald.

### Kva gjer helsepersonell for å hindra spredning av ESBL-produserande bakteriar?

Pasientar med ESBL kan bli isolerte på eit eige rom for å hindra smitte til andre pasientar. Helsepersonell brukar personleg verneutstyr som hansk og frakk ved stell og pleie. Fordi det finst mange ulike typar ESBL-produserande bakteriar vil kvart enkelt tilfelle vurderast for seg med omsyn til smittefare og nødvendige tiltak. Nokre gonger blir det tatt prøve av medpasientar (bakterieprøve frå endetarmen) for å kontrollera at desse ikkje er blitt smitta, dette heiter smittesporing.

### Kva kan pasientar og pårørande gjera for å hindra smittespreiing?

Det viktigaste alle kan gjera er å ha reine hender. Det inneber handvask med såpe og vavn eller handdesinfeksjon med sprit, og dette er spesielt viktig før måltid og etter toalettbesøk.

### Korleis blir ESBL handsama utanfor sjukehus?

Utanfor sjukehus skal personar med ESBL leva som normalt. Handhygiene er det viktigaste tiltaket for å hindra smitteoverføring. For friske personar utanfor sjukehus utgjer ESBL ingen risiko. Dette inkluderer gravide, små barn og andre som har nærbanekontakt med ein person med påvist ESBL.

### Kan ein smitta person bli kvitt ESBL?

Mange av dei som er smitta med ESBL vil kvitta seg med bakterien, men det er vanskeleg å seie nøyaktig kor lang tid det kan ta. Det fins per i dag ingen testar som kan gje eit påliteleg svar på om bakteriane er heilt borte. Smitteforebyggande tiltak i sjukehus er strenge for å hindra smitte og infeksjonar hos særleg utsette medpasientar. Fordi det er vanskeleg å vite nøyaktig kor lenge nokon er bærar, vil personar med tidlegare påvist ESBL som regel bli handert som ESBL-positiv ved ny innlegging i sjukehus.